



DET KONGELEGE
SAMFERDSELSDEPARTEMENT

Statsråden

Stortingets President

Karl Johansgate 22
0026 OSLO

Dykkar ref

Vår ref

Dato

24/2385-

28. november 2024

Spørsmål nr 443 til skriftlig besvarelse fra stortingsrepresentant Liv Kari Eskeland til samferdselsminister Jon-Ivar Nygård

Spørsmål

Viser til mitt spørsmål nr 335, og statsråden sitt svar på dette, og aksepterer at det vil ta noko lengre tid å finne svar på mitt spørsmål enn dei tilmålte 6 dagar. Statsråden må gjerne kome med ei førebels løypemelding for kor lang tid det vil ta å finne svara. Gjentek difor spørsmålet: Kan eg be om å få ei oversikt over estimerte årlege kostnader i fm. dyrepåkjørsler med tog pr. år?

Svar

Det er ingen tvil om at kostnadene ved dyrepåkjørsler er høge, men det er svært vanskeleg å gje eit samla estimat på dei totale kostnadene for Bane NOR, togselskapa og brukarane av jernbanen (reisande og næringslivet). Sistnemnde blir ofte ramma ved at slike hendingar gir forseinkingar og i verste fall innstillingar som kan være svært belastande for dei reisande, og gje ekstrakostnader for næringslivet.

Bane NOR har berekna eit estimat på kostnader knytt til dyrepåkjørsler på totalt 13,25 millionar kroner. I tillegg utbetaler føretaket kompensasjon og erstatning for påkjørde dyr på ca. 3,5-4 millionar kroner per år. Bane NOR har i sine berekning tatt utgangspunkt i Region Nord sine kostnader (gjennomsnitt av dei fire siste åra), basert på at denne regionen har 40 prosent av alle påkjørde dyr. Prosenttalet er av erfaring ganske likt over år.

Kostnader som er inkluderte er alle direkte kostnader; mannskaps- og maskintimar, leie av avfallskonteinarar, handtering av avfall, entreprenørtenester og lokal bistand til å handtera/henta ut kadaver.

Kostnader som ikkje er med i estimatet er erstatning til reiseigarar, administrativ tid, vêrvakt som handterer slike hendingar, togleiarsentralen og liknande administrative tenester, samt

destruering av kadaver ved lovleg mottak (BIOSIRK AS). Desse kostnadene, og dessutan administrative kostnader, vil gi eit høgare reelt kostnadsestimat enn berre direkte kostnader.


Togselskapa har ikkje oversikt over alle kostnader knytt til dyrepåkøyrslar, og det er derfor ikkje mogleg å gi eit godt samla estimat på kostnadene ved slike hendingar. Tabellen under gjev likevel eit godt inntrykk av nokre av dei kostnadene dette påfører togselskapa, i tillegg til den menneskelege belastninga dette medfører for togpersonalet og dei som må rydda opp etter dyrepåkøyrslane.

Strekning/trafikk-avtale	Selskap	Skader/kostnader	Annet/Andre ikkje-prissette kostnader
Trafikkkpakke 3 (Bergensbanen, Vossebanen, Arna-Bergen).	Vy Tog AS	57 dyrepåkøyrslar så langt i år. Kostnader knytt til sanering, byte av kraner og deksel. Ca. 30 000 kroner i kostnader per påkøyrslar, ca. 1,8 mill. kroner i året.	Forseinkingar: Varierer frå ingen og svært små til dei tilfella dyra sit fast, og det kan ta ca. 1 time og få dei løys. Det har ved nokre tilfelle også teke lengre tid.
Gjøvikbanen	Vy Gjøvikbanen AS	- 2023: 2,6 mill. kroner i kostnader knytt til reparasjon av køyretøy i samband med dyrepåkøyrslar. - 2024: (per 31. juli): 2,1 mill. kroner i kostnader knytt til reparasjon av køyretøy i samband med dyrepåkøyrslar. - I tillegg kostnader ved at toga er ute av trafikk. For 2023 er dette estimert til 2,4 mill. kroner, og i 2024 (per 31. juli) 4,7 mill. kroner.	
Trafikkkpakke 1 Sørlandsbanen, Arendalsbanen, Jærbanen)	Go-Ahead Norge AS	Eit overordna kostnadsoverslag, inklusive alternativ transport ved forseinkingar/innstillingar, er 750 000 kroner i året.	Det er variasjonar i talet på dyrepåkøyrslar år for år, både når det gjeld tal, og særleg når det gjeld kostnader.
Trafikkkpakke 2 (Dovrebanen, Rørosbanen, Raumabanen, Nordlandsbanen, Trønderbanen Meråkerbanen, Saltenpendelen)	SJ Norge AS	Ved påkøyrslar av eit litt større dyr med dei litt nyare toga, som Type76 (Trønder- og Rørosbanen), blir kostnaden på minst 50 000 kroner, og ofte mykje meir. For denne togtypen vil eit svært grovt estimat vera i	Det er grunn til å tru at flest påkøyrslar skjer på Røros- og Nordlandsbanen. I sum for trafikkkpakken må ein gå ut frå at beløpet er mykje større.

		storleiksorden opp mot ein million kroner.	
--	--	--	--

Eit svært grovt årleg anslag er såleis på om lag 25-35 millioner kroner. Forutan desse målbare kostnadene knytt til materielle skadar, opprydding og erstatningar, førar dyrepåkøyrslar ofte til forseinkingar og av og til også innstillingar. Dette påfører togselskapa ekstrakostnader knytt til eventuell alternativ transport. For dei reisande er forseinkingar også svært belastande, både fordi reisetida aukar, men også fordi det skaper uvisse rundt reisa og når ein kjem fram.

Med helsing



Jon-Ivar Nygård